

Arbeidsmarkedet nå – september 2013


"Arbeidsmarkedet nå" er et månadleg notat frå Utredningsseksjonen i Arbeids- og velferdsdirektoratet. Notatet er skrive av Jorunn Furubeg, Jorunn.Furuberg@nav.no, 27. september 2013.

Arbeidsløysa auka i september

Bruttoarbeidsløysa, som er summen av heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak, auka med 1 300 personar i løpet av september. Talet på heilt arbeidslause auka med 1 500 personar frå august til september. Dette viser sesongjusterte tall.

84 100 personar, eller 3,1 prosent av arbeidsstyrken, var registrert som heilt arbeidslause eller på tiltak ved utgangen av september, noko som svarer til 3,1 prosent av arbeidsstyrken. Dette er 8 prosent fleire enn same tid i fjor. Av desse 84 100 var 69 600 heilt arbeidslause, ein auke på 10 prosent frå september i fjor. 14 500 var deltararar i arbeidsmarknadstiltak, ein nedgang på 3 prosent i same periode.

Figur 1. Utviklinga i talet på registrerte heilt arbeidslause, bruttoarbeidsløysa og arbeidslause ifølge Statistisk sentralbyrå sin arbeidskraftsundersøkelse (AKU). Sesongjusterte tal. Januar 2008 – september 2013




Kjelde: NAV og SSB

Fleire nye arbeidssøkjarar

Tilgangen på nye arbeidssøkjarar¹ per yrkedag har auka dei to siste månadene, etter å ha minka noko i løpet av juni og juli. Ser vi perioden frå oktober 2012 til september i år under eitt, har talet på nye arbeidssøkjarar vist ein aukande trend. Talet på nye arbeidssøkjarar som meldte seg til NAV i september er det høgaste sidan april 2010.

Ved utgangen av september var det registrert 14 800 heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak som hadde vore arbeidssøkjarar i 4 veker eller mindre. Dette er 1 600 fleire enn i september i fjor, og svarer til ein auke på 12 prosent. Figur 3 viser at det er fleire nye arbeidssøkjarar enn på same tid i fjor innan alle yrkesgrupper, bortsett frå blant dei som ikkje er registrert med yrkeserfaring. Vel ein tredel av dei nye arbeidssøkjarane i september har bakgrunn frå butikk og salsarbeid, serviceyrker og anna arbeid, eller ingen yrkesbakgrunn. Samanlikna med september i fjor er den prosentvise auken i talet på nye arbeidssøkjarar størst blant leiarar og blant meklarar og konsulentar, men dette er yrkesgrupper med få arbeidssøkjarar i utgangspunktet.


Figur 2. Tilgang av arbeidssøkjarar per yrkedag. Trend. Januar 2002 – september 2013



Kjelde: NAV

¹ Inkluderer heilt arbeidslause, delvis arbeidslause, arbeidssøkjarar på tiltak og andre arbeidssøkjarar.

Figur 3. Heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak som har vore arbeidssøkjarar under 4veker, etter yrkesbakgrunn. Absolutte tal.



Kjelde: NAV

Utviklinga i internasjonal økonomi

Dei siste tala frå Eurostat viser at den økonomiske situasjonen i EU betra seg i løpet av 2. kvartal. Bruttonasjonalproduktet auka med 0,3 prosent i eurosona og med 0,4 prosent i EU. Auken i BNP kom etter seks kvartal med nedgang, og kan vera eit signal om at vendepunktet i den økonomiske veksten i Europa er nådd. Veksten var størst i Storbritannia, Tyskland og Litauen, alle med 0,7 prosent, medan BNP i Sverige krympa med 0,2 prosent.

Trass i vekst i BNP i 2. kvartal, viser nye tal frå Eurostat at industriproduksjonen i eurosona minka med 1,5 prosent i løpet av juli. I EU fall industriproduksjonen tilsvarende med 1 prosent.

Arbeidsløysa i EU er framleis svært høg. I juli var arbeidsløysa i EU 11,0 prosent, og tilsvarende 12,1 prosent i eurosona. Dette er uendra frå juni, men høgare enn same tid i fjor.

I USA vaks BNP med 2,5 prosent i 2. kvartal målt i årleg rate, mot tilsvarende 1,1 prosent i 1. kvartal. Veksten i USA i 2. kvartal er driven av auka privat forbrukt og vekst i private investeringar og eksport, medan offentlege utgifter bidrog negativt.

Arbeidsløysa i USA har falle dei siste månadene, og var på 7,3 prosent i august, 0,1 prosent lågare enn i juli.

Europa og USA er dei viktigaste handelspartnarane for Noreg. Den økonomiske utviklinga i desse landa er viktig for utviklinga i norsk økonomi, og dermed situasjonen på den norske arbeidsmarknaden.

Utviklinga i norsk økonomi

I 2. kvartal bremsa veksten i norsk økonomi opp, og BNP Fastlands-Noreg auka med berre 0,2 prosent ifølgje tal frå Kvartalsvis Nasjonalrekneskap. Industriproduksjonen bidrog positivt til vekst i BNP i 2. kvartal, med ein auke med 2,6 prosent. Denne veksten blei motverka av ein nedgang i veksten i annan vareproduksjon på 1,2 prosent. Det var særleg kraftproduksjon og bygge- og anleggsvirksem som bidrog negativt.

Privat forbruk er ein viktig faktor som påverkar aktiviteten i norsk økonomi. Varekonsumet minka med 2,0 prosent i juli, viser sesongjusterte tal frå SSB. Også detaljhandelsindeksen viser at omsetninga i detaljhandelen fall med 1,3 prosent frå juni til juli i år.

Produksjonen i norsk industri auka med 5,7 prosent frå juli 2012 til juli 2013, viser tal frå SSB sin produksjonsindeks for industrien. Næringer som bygging av skip og boreplattformer, maskinindustri og maskinreparasjonar og installasjonar har auka produksjonen mest, medan det har vore ein nedgang innan papir- og papirvareindustrien og innan metallindustrien.

Talet på i gangsette bustadbygg i løpet av dei første sju månadene i år, målt i bruksareal, er 3,6 prosent høgare enn same tid i fjor, viser tal frå SSB. Dei siste månadene har det likevel vore ein negativ trend i denne indikatoren.

Størst oppgang i bruttoarbeidsløysa innan bygg- og anlegg

Ifølgje sesongjusterte tal har bruttoarbeidsløysa auka innan alle yrkesgrupper i september. Den prosentvise auken er størst blant meklarar og konsulentar og innan helse- pleie og omsorg. Målt i talet på personar er auken den siste månaden størst blant personar med bakgrunn frå butikk- og salsarbeid og helse, pleie og omsorg. Figur 13 og 14 i figurvedlegget viser utviklinga i den sesongjusterte bruttoarbeidsløysa for alle yrkesgrupper sidan januar 2008.

Samanlikna med september i fjor har alle yrkesgrupper no høgare bruttoarbeidsløyse. Den største auken har kome innan bygg og anlegg (19 %), jordbruk, skogbruk og fiske (17 %) og innan ingeniør- og ikt-fag (16 %).


Bruttoarbeidsløysa er høgst blant personar med bakgrunn frå barne- og ungdomsarbeid, der 5,5 prosent av arbeidsstyrken er registrert anten som heilt arbeidslause eller arbeidssökjarar på tiltak. Deretter følgjer personar med bakgrunn frå reiseliv og transport (4,9 %) og bygg og anlegg (4,4 %). Bruttoarbeidsløysa er lågast innan akademiske yrker og undervisning, begge yrkesgrupper med 1,1 prosent.

Figur 4. Prosentvis endring i bruttoarbeidsløysa, dekomponert i endring for heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak, etter yrkesbakgrunn. September 2012 – september 2013



Kjelde: NAV

Figur 5. Bruttoarbeidsløysa fordelt på heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak, i prosent av arbeidsstyrken etter yrkesbakgrunn. September 2013



Kjelde: NAV

Bygg og anlegg

Bruttoarbeidsløysa har auka mest blant personar med bakgrunn frå bygg og anlegg, når vi samanliknar med september i fjor. Det er ein auke innan dei fleste yrkesgruppene i bygg og anlegg, men auken er størst for røyrleggjarar, andre bygningsarbeidarar (til dømes golv- og flisleggjarar og murarar) og snikkarar og tømrarar.

Ingeniør- og ikt-fag

Sjølv om det no er 16 prosent fleire arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak i denne yrkesgruppa samanlikna med september i fjor, er bruttoarbeidsløysa blant personar med bakgrunn frå ingeniør- og ikt-fag framleis låg. Størst auke har det vore i gruppa andre naturvitskaplege yrke, der det har vore ein markant auke i yrkesgruppa matematikarar og statistikarar (88 fleire, eller ein auke på 489 prosent). Innan ikt-yrka er bruttoarbeidsløysa 14 prosent høgare enn same tid i fjor.


Jordbruk, skogbruk og fiske

Det har vore ein auke i talet på heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak i mange av yrkesgruppene innan jordbruk, skogbruk og fiske. Jordbruk, skogbruk og fiske er kjenneteikna med mange yrker med i utgangspunktet få arbeidslause. Yrkesgruppa fiskarar står for over ein tredel av auken i bruttoarbeidsløysa samanlikna med september i fjor.

Industriarbeid

Bruttoarbeidsløysa blant industriarbeidarar er tre prosent høgare enn same tid i fjor. Størst auke har det vore i yrker innanfor næringsmiddelproduksjon (17 %), medan nedgangen er størst for prosess- og maskinoperatørar.

Figur 6. Bruttoarbeidsløysa fordelt på heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak, etter yrkesbakgrunn. Talet på personer. September 2013




Kjelde: NAV

Størst auke blant dei med kort varigheit som arbeidssøkjar


Samanlikna med september i fjor er det størst auke i bruttoarbeidsløysa blant dei som har søkt arbeid i fire veker eller mindre (12 %). Figur 7 viser at bruttoarbeidsløysa er høgare for alle som har søkt arbeid i mindre enn eitt år, når vi samanliknar med same tid i fjor. Dette gir eit bilet av at det no er vanskelegare for dei som har vore arbeidslause ei tid å finna seg nytt arbeid, samstundes som det blir fleire nye arbeidslause.

Figur 7. Prosentvis endring i bruttoarbeidsløysa, dekomponert i endring i heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak, etter varigheit som arbeidssøkjar. September 2012 – september 2013



Kjelde: NAV

Figur 8. Bruttoarbeidsløysa fordelt på heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak, etter varigheit som arbeidssøkjar. Talet på personer. September 2013



Kjelde: NAV


Størst auke i Finnmark

Det har vore ein auke i bruttoarbeidsløysa i september i alle fylker så nær som i Oslo og Vest-Agder, ifølgje sesongkorrigerte tal. Nordland, Finnmark og Buskerud har hatt den største relative auken. Figur 15 i figurvedlegget viser utviklinga i sesongkorrigerte tal for dei ulike regionane frå januar 2008.

Samanlikna med september i fjor har bruttoarbeidsløysa auka mest i Finnmark (16 %) og i Nordland (14 %). Bruttoarbeidsløysa er lågare enn same tid i fjor i Hedmark (-3 %), uendra i Telemark, medan det har vore ein auke i dei andre fylka.


Målt i prosent av arbeidsstyrken er bruttoarbeidsløysa høgast i Østfold (4,5 %) og i Oslo (4,3 %). Bruttoarbeidsløysa er lågast i Sogn og Fjordane (1,9 %) og i Rogaland (2,2 %).

Figur 9. Prosentvis endring i bruttoarbeidsløysa dekomponert i endring i heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak, etter fylke. September 2012 – september 2013



Kjelde: NAV

Figur 10. Bruttoarbeidsløysa i prosent av arbeidsstyrken etter fylke. September 2013




Kjelde: NAV

Arbeidsløysa blant arbeidsinnvandrarar

Figur 11 viser bruttoarbeidsløysa for statsborgarar frå dei landa som har hatt den høgaste arbeidsinnvandringa til Noreg dei siste åra. Flest heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak finn vi blant polakkar (5 100), litauarar (2 000) og svenskar (1 400).


I absolutte tal har auken vore størst blant statsborgarar frå Polen og Litauen med 900 og 500 fleire heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak samanlikna med september i fjer. Den relative auken er størst for statsborgarar frå Portugal (86 %), Spania (73 %) og Hellas (67 %). Det er likevel få statsborgarar frå desse tre landa som er registrert som heilt arbeidslause eller arbeidssøkjarar på tiltak hos NAV, til saman 200 personar.

Figur 11. Bruttoarbeidsløysa etter statsborgarskap. Talet på personar.



Kjelde: NAV



Figur 12. Absolutt og prosentvis endring i bruttoarbeidsløysa etter statsborgarskap. September 2012 – september 2013



Kjelde: NAV


Figurvedlegg

Figur 13 og 14. Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak, etter yrkesbakgrunn. Januar 2008 – september 2013. Januar 2008 = 100. Sesongkorrigerte tal



Kjelde: NAV

Figur 15. Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak i regionar.
Januar 2008 – september 2013. Januar 2008 = 100. Sesongkorrigerte tal



Kjelde: NAV